

Da skuleborna i Tylldalen hadde tur til Kristiania Eit 60-årsminne

Av Odin Kotte

Det var ikkje så vanleg med lengre skoleturar i gamle dagar. Men det hendte at læraren (eller lærerinna) tok med seg skuleborna på ein lengre tur før og. I 1920 gjorde skuleborna i Tylldalen ein tur til Kristiania. Det var verkeleg ei hending den gongen.

Ein dag på etterjulsvinteren spurte vi elevane våre i storskulen om dei ville vera med på ein tur til hovudstaden til sommaren. Det vanta ikkje på hender i veret. Alle ville sjølvsagt vera med på det. Eit slikt tilbod hørtes elles så fantastisk ut at fleire elevar tok det ikkje alvorleg til å byrje med.

Men hovudspørsmålet var om foreldra hadde råd til å koste på borna sine ein slik tur. Ein måtte ha pengar til jernbanebillet, losji, -og meir. Eit eller anna nytt klesplagg måtte ein kanskje ha og. For foreldra med fleire born kunne det bli vanskeleg å greie dette. Ja, for dei fleste var nok kostnaden den store bøygen.

Lærarane rådførte seg med krinstilsynet ved skulen. Tilsynet var interessert, og ein vart samde om å halde ein basar til inntekt for skuleturen.

Basaren vart halden ut på vårparten, og nettoutbyttet vart vel noen undre kroner, så vidt eg hugsar. Desse pengane vart seinare delt ut som stipend til dei som mest trengte det.

Det vart skrive til ein innkvarteringskomite i Kristiania om losji m.m. Vi fekk straks svar, vi kunne få overnatte på Vaterland skule alle saman. Billeg middagsmat var å få kjøpt på Dampkjøkenet. Fleire ting måtte det ordnast med. Før turen møtte elevane på skulen der dei vart inndelte i tropper - med kvar sin troppsjef, som på militært vis. Det vart gitt instruks om ymse ting - mest om korleis ein skulle te seg i den store trafikken der inne i storbyen.



TUREN SØROVER

Så kom den store dagen, den 5. juli 1920, da vi skulle dra på den lange turen vi hadde budd oss på. Mange elevar sov visst ikkje så godt natta før. Spaninga var nok for stor.

Med ønskje om god tur både frå våre næraste og andre, drog vi så i veg - kring 50 elevar med lærarane sine. Kvar hadde sin vesle koffert eller ryggsekk - med det høgst naudturvelege i.

Kommunebilane på Tynset kom og henta oss. Berre det å få bilskyss var ei stor oppleving den gongen. Ingen i Tyllidalen hadde bil i 1920. Dei fleste borna hadde vore på Tynset stasjon før og sett eit jernbanetog. No skulle dei få kjøre med toget. For ei oppleving! Og så mye nytt på ein gong!

Det var vel i 14-tida vi reiste frå Tynset stasjon. Vi hadde ei vogn for oss sjølve, vi som skulle på skuletur. Det var mye å sjå sørøtter dalen - og stendig noe nytt for borna.

På Hamar måtte vi skifte tog. Og seine kvelden kom vi til Kristiania. Da var nok mange både slitne og keie. Så var det da å stille opp på Østbanestasjonen, og i ausande regn marsjerte vi til Vaterland skule.

Her var det to damer som møtte opp og viste oss kvar vi skulle ligge. Lærerinna, frk. Ingrid Sween, med jentene vart vist inn i ein sal. Her skulle dei ligge på golvet. Bernhard Øverby og eg med gutane skulle ligge på golvet i ein annan sal. Det var madrassar der til alle. Ullteppe hadde vi med oss sjølve.

Alle hadde med ein haug med smørbrød, så det vart ikkje så store utlegg til kveldsmat, og frukost dei dagane vi var i byen. Mjølkk fekk vi kjøpe like ved losjiet.

Om alle sov godt første natta i hovudstaden, veit eg ikkje. Men vi måtte iallfall opp i rimeleg tid om morgonen, for etter programmet skulle vi sjå oss om på fleire stader, så vi måtte nytte tida.

FØRSTE DAGEN I BYEN

Etter frukost på Vaterland skule bar det så ut i storbyen. Vi marsjerte forbi Stortorget til Vår Frelzers gravlund, som er den største kyrkjegard i landet. Det var verkeleg ein vakker og velstelt kyrkjegard. Her ligg fleire av våre store menn gravlagt, slike som Bjørnstjerne Bjørnson, Henrik Ibsen, Henrik Wergeland, Ivar Aasen m.fl. Så gjekk turen til St. Olavs kyrkje. Ho var særskild vakker. Veggene var prydd med helgenbilete, og på altaret var det fleire ting av sølv og gull. Seinare var vi innom Kunstmuseet, Osebergskipet og Historisk Museum. På Kunstmuseet såg vi mange vakre bilete. Eg nemner «En bondebegravelse», «Haugianere», og «Leiv Erikson oppdager Amerika».


Alle stader vi vitja, var det mye å sjå - og mye å undre seg over. Omvisarar og lærarar måtte fortelje og forklare borna så godt dei kunne.

Over alt i byen var det stor trafikk - av folk, hestar og vogner, bilar og trikkar. Eit slikt yrande liv var nok ikkje borna frå Tyllaldalen vant med.

Ungane vart snart både keie og svoltne av å farte slik frå stad til stad. Derfor smakte no middagen på Dampkjøkkenet godt for oss alle. Etterpå måtte vi ha ei lita middagskvile på Vaterland.

Etter kvilda tok vi ein tur ut til Ekeberg. Her var det vidt utsyn over byen, og Kristianiafjorden. Der det hōvde slik, tok vi sjølvsagt trikken, men det vart likevel mye gåing på oss.

Da vi kom til losjiet om kvelden, var nok dei fleste både trøytt og keie - og «mette» av inntrykk. Det vart så mye å melte på ein gong. Det var derfor godt å få mat og få kvile ut. Men før leggetid måtte ein tenkje litt over hva ein hadde sett og opplevd om dagen - og helst notere ned litt også, for etter heimkoma skulle elevane skrive stil om turen. Så det galdt å hugse på mest mogleg av det ein hadde sett og hørt.



ANDRE DAGEN

Neste dag var det på'n att. Før middagen var vi på St.Hanshaugen, Botanisk hage og Zoologisk museum. På sistnemnde staden var det mange dyr å sjå, som imponerte borna. Ein femteklassing skreiv i stilen sin m.a.: «Men da jeg fikk se den fæle flodhesten, gikk det med meg som med gutten der stod og så på sjiraffen et kvarters tid og så utbrøt: «Slikt dyr finnes ikke»»

Etter middagen tok vi trikken til Bygdøy. På Friluftsmuseet der såg vi mange gamle hus, m.a. ei røystue frå Setesdal med digert tømmer. I langveggen var det berre fem stokkar. På tilbaketuren frå Bygdøy reiste vi med dampbåt. Og det var verkeleg ei oppleving for alle som ikkje hadde vore ute på salt vatn før, - og det galdt alle borna i dette tilfelle. Ute på fjorden såg vi mange store og små båtar, m.a. Amerikabåten «Stavangerfjord».

Da vi no var i hovudstaden, måtte vi sjølvsagt sjå Slottet, der kongen bur. Vi marsjerte opp Karl Johans gate. Her måtte vi vise borna Stortingsbygninga. Utafor Nationalteatret stana vi litt for å sjå på statuane av Bjørnson og Ibsen. Øvst oppe i Karl Johans gate låg Slottet. Her utafør gjekk kongens livvakt - att og fram - med bajonett på børsa. Ingen av borna vart imponert over Slottet. Dei fleste hadde nok tenkt seg at det var vakrare enn det var. Mange ville gjerne ha sett kongen og dronninga. Men så heldige var dei nok ikkje denne gongen.

No var det kveld att, og vi måtte ned til Vaterland til losjiet vårt. Mye hadde vi opplevd også denne dagen. Ingen trafikkulykke hadde vi vore ute for. Alt hadde gått etter planen.

HEIMREISE - KOSTNAD

Neste morgon var det å ta på heimtur - med toget ut frå Kristiania, opp gjennom Romerike, langs Mjøsa, gjennom Hedmarksbygdene, opp gjennom Østerdalen til Tynset stasjon - og så med kommunebilen til den kjære heimbygda vår, Tyllidalen.

Eg tør seie at alle saman var glade og takksame for dei fekk vara med på ein slik tur. Alle hadde sett og opplevd så mye og hadde så mye å fortelje da dei kom heim. Ja, turen var vellykka frå først til sist. Og attpå alt: Han var billig. Her er utgiftene pr. elev:

Jernbanebilletter	kr. 12.68
Losji	kr. 0,75
Middag	kr. 2,50
Mjølkk, m.m.	kr. 1,62
Trikkbilletter	kr. 0,60
Ferjebillett	kr. 0,15
Muse og andre utgifter	<u>kr. 1,20</u>
Kostnad i alt:	<u>kr. 19,50</u>

Mye for pengane den gongen.